



LYNGMO GLYTTEN

JANUAR 2022



Lyngmo - Glytten 31. årgang - Januar 2022

Hels på dei nytilsette

Leirprat med Bjørg og Rebekka

Julemiddag for alle



Misjonssambandet

Helsing frå ny dagleg leiar

Hausten som ha gått har det skjedd mykje på Lyngmo! Det har vore fleire endringar i personalet som de kjem til å få vita litt meir om lenger bak i bladet. Som mange veit er Kjetil ute i permisjon. Dei er blitt fosterheim til ei lita jente som no snart er 1 år. Difor har eg vore så heldig at eg får lov å vere vikar her i eitt år (fram til 1. september 2022).

Som de kanskje ser er det berre fornamnet på den daglege leiaren som er skifta ut, og viss du då antek at det er noko slektskap, har du heilt rett. Eg er bror til Kjetil, 29 år og gift med Ane Marte. Eg er ferdig med to av tre år på ein bachelor i Økonomi og Jus på HVL i Sogndal. No har eg tatt eit års permisjon frå studiet for å vera her. Tidlegare har eg jobba 6 år som dagleg leiar på Soltun Soldatheim i indre Troms, og har dermed litt erfaring å ta med meg inn i rolla, sjølv om mykje er både større og annleis her på Lyngmo.



Flotte dugnadsfolk som er godt i gong! Dei støyer fundament til gjerde oppe ved styrarboligen.



Oppstarten denne hausten var prega av koronarestriksjonar og mange selskap! Eg må berre få begynna med å sei tusen takk til alle dei trufaste dugnadsfolka som stiller opp helg etter helg for Lyngmo! Då det virra rundt ein ny, overvelda dagleg leiar og skulle prøve å ha ansvar for både bryllaup, konfirmasjonar og andre arrangement var det ein utruleg stor trygghet å vite at me har mange dyktige folk som har kontroll på det dei skal gjera! Utan dykk hadde det ikkje gått! Eg må òg få takka alle dei som stiller opp på dugnadar både ute og inne og fikser, vaskar, ryddar og steller til både det eine og andre!

Vidare har me endeleg fått lov å arrangera leirar og weekendar utan restriksjonar igjen. Det har vore mange flotte ungar på leir og det har vore fleire Kvinnehelger med mykje flott program! Det var godt, om ikkje anna enn for ei lita stund, å vera tilbake til noko som kunne minna om ein normalsituasjon. Når eg skriv dette har me akkurat dekkja bord til julemiddag med 1 meter avstand og er beredt på ein ny bolk med meir avstand. Dette var ikkje det me hadde håpt på inn mot jul, men òg denne gongen skal me greie å stå i det sjølv om det vert nokre avlysingar framover.

Andakt

Guds kjærlighet

Ved dette ble Guds kjærlighet åpenbart iblant oss, at Gud har sendt sin enbårne Sønn til verden, for at vi skal leve ved ham. (1 Joh 4.9)

Hvordan forstår du ordet kjærlighet? I dag snakkes det mye om kjærlighet og dette er åpenbart et begrep de fleste har et forhold til. I bibelverset vi nettopp leste fikk vi høre om Guds kjærlighet og hva han legger i dette begrepet. En kjærlighet som viste seg i en helt konkret handling i historien. Gud sendte sin enbårne sønn til verden! Jesu komme til jord åpenbarer Guds kjærlighet til oss mennesker. Et besøk til jorden ifra Gud er stort, men i dette verset er det åpenbart enda større sannheter om Guds kjærlighet. Barnet som ble født i Betlehem for over 2000 år siden kom ikke bare på besøk, men for at vi skal leve ved ham.

I en populær julesang synges det: «Eg e'skje alene Her eg bor!». Men Jesus viser ikke bare at Gud er iblant oss, men at Gud er for oss. «For jeg er ikke kommet for å dømme verden, men for å frelse verden.» sier Jesus i Joh 12.47. Himmels Gud så at verden trengte mer enn et besøk. Vi trengte en frelser ifra Guds dom over synd og urettferdighet. Jesus er vår frelser! «Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg.» Guds kjærlighet har gitt oss adgang til Gud gjennom Jesus. Gud gjestet oss for at vi skal leve evig og bo hos ham.

Av: *Andreas Brennsæter*



Ei av smågruppene under UL som vart arrangert på Lyngmo 28.07-01.08.

Til vinteren håpar me på å kunne arrangere leirar på normalt vis igjen, og viss du har lyst å vere med og få bety noko ekstra inn i barn og unge sine liv er du hjarteleg velkomen til å vera med oss på leir! Me treng alle som kan tenkja seg å vera med!

Eg vil ynskja dykk Guds signing og hjarteleg velkomen innom om du skulle få ein anledning!

Med venleg helsing,

Lars Inge Stautland, dagleg leiar



Crossroad 2022

8. kl– 19 år

18.-21. februar

Nytilsette på Lyngmo!



Namn: Lars Inge Stautland (29 år)

Stilling: Vikariat som dagleg leiar

Funfact: Visste du at Lars Inge har ein tidlegare (kort) karriere som langrennsløpar? Han deltok i eit løp, men smurte skia med «hoppski-glider», så skia var så bakglatte at han rant bakover på flat mark. Lars Inge kom i mål 1 minutt etter den nest treigaste deltakaren. Skal det nevnas at løpet var i underkant av 1 km langt?

Namn: Vivian Rosvold (39 år)

Stilling: Vikariat som barne- og ungdomsarbeidar
(Rannveig Flatland er i permisjon fram til 31.05)

Funfact: Visste du at Vivian har gått 13 dagers fjelltur til foten av Mount Everest, Kala Pathar på 5555 m.o.h. No likar ho best «fjellturar» til Kaupangerholten på 305 m.o.h.



Namn: Ingvild Øvrebø (32 år)

Stilling: Kjøkkenmedarbeider (Midlertidig stilling)

Funfact: Visste du at då Ingvild var 11 år gammal stod plutseleg kronprinsesse Mette Marit ved siden av ho i frokostbuefen på Kielferga? Visste du også at ho har fått ein kommentar frå Ari Behn at ho kler raud farge?



**Me veit det er fleire som tenker på
Lyngmo, og me er så takksame for all
bøn, engasjement og gåver!**

Juleverkstad på Lyngmo!

Laurdag 4. desember var borda på Lyngmo dekkja av plastdukar, limpistolane var klare og juletreet på plass. Born og vaksne fekk vere med på ei fin førjulsaktivitet som har blitt ein tradisjon for mange. Med julemusikk i bakgrunnen vart det mellom anna laga julekrybbepynt, gaveesker med bibelvers inni, julekuler med reinsdyrshorn og grytelappar borna fekk teikne på. Bodil Brennesvik minna borna på juleevangeliet før det var tid for graut, og sjølv sagt var det også mandel i grauten! For ei gave det er at me kan vere saman, lage ting og kose oss, og i tillegg bli minna på at Jesus vart fødd, og at Han skal kallas «Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste». (Jesaja 9,6). Juleverkstaden har blitt ein

plass kor born og vaksne møtes frå heile Indre Sogn, får julestemning og minnas om dette viktige bodskapet!



Bilde 1: Eivind jobbar med ei julegåve.

Bilete 2: Julekuler laga av nokon på juleverkstaden.



Julemiddag for alle 2021

Den årlege julemiddagen på Lyngmo gjekk av stabelen fredag den 10. desember. Det vart ei hyggjeleg samkome med nær på 40 deltakarar. Koldtbordet var dekkja med julemat av øverste klasse og det lukta «jul» lang veg. Etter middagen diska kjøkkenstaben opp med eit dessertbord etterfølgd av eit kakebord som dei fleste tok både ein og to turar til. Mange av oss har delteke på fleire julemiddagar tidlegare, og me ser difor fram til å møtast att, og difor går praten ofte i høge ordelag. Her får me samlast og lytte til gode andaktsord og programminnslaga kjem tett som perler på ei snor. Tom Salte fekk latteren til å stige i taket rett som det var, både gjennom små forteljingar og sketsjar. Når han underheldt oss med «grisebonden frå Jæren» i eigen person,

var det ikkje mange som greidde halde låtten tilbake.

Magni Sims hadde andakten for oss, og ho snakka både med skjemt og alvor om profetiar og openbaringar i notid så vel som i framtida. Til sist takka styreren for frammetøt og ynskte oss ei velsigna Julehøgtid.

Av: Gunnar Stundal



Leirminne frå 2.-4. klasseleir



Ein ettermiddag i desember møter eg Rebekka og Bjørg for å spørje om det er noko dei hugsar som kjekt ifrå leiren dei begge var med på i oktober?

Rebekka: «Eg hugser det var veldig kjekt å spille med dei andre på aktivitetsrommet. Eg hugsar og bibelverset me lærte utenat. Minneordet på haustleiren var frå Jeremia 29,12; «Når de kallar på meg, og kjem til meg, vil eg høyra på dykk». Bjørg hjelper ho litt, men bibelverset har Rebekka hugsa på heilt sjølv utan hjelp til å minnas det.

Bjørg legg til: «Minneordet har eg og hatt med meg etter leiren, og teke det fram ved fleire vende».

Andre kjekke minner frå leiren var leirkvel- den, kiosken og mange optimistiske, koselege ungar som dei hadde det kjekt ilag med.

Bjørg synes og det var inspirerende og fint å høyre på talaren som kom frå Misjonssam- bandet. Eg spør om dei anbefalar andre å reisa på leir og det gjer dei! «Veldig kjekt å vere med som bestemor» seier Bjørg. «Eg følte ungane tok imot meg som ei bestemor på leiren, og det anbefalast andre som er bes- teforeldre å vere med òg!». Rebekka seier «Eg synest andre bør reise på leir òg».

Då synes eg me skal ta imot anbefalingen frå Bjørg og Rebekka. Ynskjer du å vere med på leir så meld deg på! Ynskjer du å vere med som leiar, så ta kontakt med oss!

Av: *VivianRosvold*

Leirtravarar

Namn: Tirill Skåsheim, 9 år

Adrian Skåsheim, 11 år

Kjem frå: Balestrand



Har de vore mange ganger på leir?

T: Ehm. Tre? Eller er det fleir?

A: Oi, det holder eg ikkje tellinga på! Tolv kanskje??

Kva hugser de best frå leir i haust?

T: Det var så masse straum då vi padla kano, og vi kom så langt vekk, og så klarte vi å padle inn til slutt.

A: Bålkonkuransen! Det var moro, og vi vant!



Kva skjer?

FEBRUAR 2022

- 3. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 6. SIM (Sogndal IMF) Storsamling
- 10. Småbarnstreff
- 17. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 18.-21. Crossroad (8. kl - 19 år)
- 24.-27. Leir for 5.-7. klasse

MARS 2022

- 10. Småbarnstreff
- 17. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 18.-20. Leir for 2.-4. klasse
- 24. Småbarnstreff
- 27. SIM (Sogndal IMF) Storsamling
- 31. Knøttekor og Torsdagsklubb

APRIL 2022

- 1. Vårbasar
- 7. Småbarnstreff
- 8.-11. Familieleir i Palmehelga
- 13.-17. Familieleir med Misjons-sambandet Vest
- 22.-24. Ordet og Israel
- 21. Småbarnstreff
- 29.-1.05 Ungdomsleir (8.kl– 3. vgs)

MAI 2022

- 5. Småbarnstreff
- 16. Ungdomsarrangement: 16. mai feiring
- 19. Småbarnstreff
- 24.- 27. Vi over 60

iTro.no er eit nettmagasin for ungdom, her kjem det nye aktuelle saker kvar veke. God lesing!

iTro™

PÅFYLL I HVERDAGEN

La barna oppdage bibelen sjølv med «Bible app for kids» Du kan endre språket til Norsk i appen. Du finn den der du finn appar.



Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

Bli med på vinterleir!

18.-21. februar Crossroad 1035,-
(8. kl til og med 19 år)

24.-27. februar 5.-7. klasseleir 890,-

18.-20. mars 2.-4. klasseleir 720,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.

Neste ungdomsleir: 29.april - 1. mai!

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

